

## Saksutredning:

### STATLEGE ARBEIDSPLOSSAR PÅ VESTLANDET

---

---

**Trykte vedlegg:**

**Utrykte vedlegg:**

---

---

#### 1. Føremål

Føremålet med saka er å teikne eit oversiktsbilete over sysselsettinga i statsforvaltninga, og vidare skape grunnlag for ein diskusjon som kan bidra til å fremje utviklinga av statlege arbeidsplassar i dei fire Vestlandfylka.

Saka vart teken opp på Vestlandsrådets møte 14. mai 2013 i Loen av blant anna av leiaren i Rådet, Åshild Kjelsnes. Vidare vart det nemnd i sak 12/13 i høve regionalmeldinga at «Vestlandsrådet saknar ein meir offensiv politikk i høve til lokalisering av statlege arbeidsplassar og institusjonar. Vestlandsrådet ber om at det blir vurdert konkrete statlege arbeidsplasser som kan etablerast på Vestlandet. Samstundes ynskjer rådet at det vert laga ein strategi til hjelp i dette arbeidet.» I protokollen frå same møte uttrykte Rådet fylgjande ønskje: «Administrasjonen bes om å skaffe en oversikt over statlige arbeidsplasser på Vestlandet til neste møte.»

#### 2. Innleiing

Statlege arbeidsplassar er viktige kompetansearbeidsplassar. Fylkesrådmannen meiner Vestlandsrådet særleg bør arbeide for å sikre etableringa av statlege institusjonar og funksjonar som har stor verdi for utviklinga av landsdelen i dei fire Vestlandfylka. Fylkesrådmannen viser til den politiske plattformen for Vestlandsrådet for perioden 2012-2015, vedteken 22.10.2012, som slær fast at Vestlandsrådet ønskjer å arbeide for at nye statlege arbeidsplassar vert lagde til Vestlandet. Han meiner tida no er moden for å starte diskusjonen om ein felles strategi for å utvikle ein meir attraktiv og konkurransekraftig bu- og arbeidsmarknad på Vestlandet, der statlege arbeidsplassar kan utgjere eit viktig element.

Fylkesrådmannen ønskjer gjennom saka å kort synleggjere korleis statsforvaltninga samla sett fordeler seg. Vidare ønskjer han å løfte fram ein diskusjon omkring sysselsettingsstrukturen i statlege institusjonar og føretak, samt korleis dei fire Vestlandfylka i fellesskap kan arbeide målretta for at nye statlege arbeidsplassar vert lagde til landsdelen.

Fylkesrådmannen ser føre seg fleire strategiar å arbeide langs når det gjeld etableringa av statlege arbeidsplassar og institusjonar i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal:

- Vestlandfylka arbeider for at heilt nye funksjonar og institusjonar som skal opprettast vert vurderte lagt til eitt av fylka på Vestlandet.
- Vestlandfylka arbeider for at nye funksjonar og institusjonar som vert oppretta som avdelingar eller undereiningar knytte til eksisterande statlege institusjonar (departement, direktorat eller statlege institusjonar og føretak) vert etablerte på Vestlandet.
- Vestlandfylka arbeider for at funksjonar og institusjonar som vert vurderte flytta frå hovudstadsområdet (m.a. ved omorganisering i forvaltninga) vert vurderte lagt til eitt av fylka på Vestlandet.

#### 3. Problemstillingar

# Vestlandsrådet

Fylkesrådmannen har teke utgangspunkt i følgjande problemstillingar i arbeidet med saksframlegget:

- Korleis fordeler årsverka i den samla statlege forvaltninga seg i dag?
- Korleis har utviklinga vore når det gjeld fordelinga av statlege arbeidsplassar dei seinare åra?

## 4. Statlege arbeidsplassar i dag – kva er status?

I 2011 var det om lag 234.000 årsverk i den statlege forvaltninga (Nerland m.fl. 2013). Desse tala tek omsyn til at relativt mange arbeider deltid og at ein del tilsette er langtidsfråverande grunna sjukdom og foreldrepermisjon. Talet på årsverk i statleg sektor auka med om lag 19.800 frå 2006 til 2011. Målt i sysselsette personar, utgjorde statsforvaltninga i 2011 i alt om lag 10% av sysselsette i Noreg og om lag 30% av tilsette i offentleg sektor. Det klart største tenesteområdet i statsforvaltninga er spesialisthelsetenesta (sjukehussektoren), med om lag 39% av årsverka. Deretter følgjer universitet og høgskular med 14%, forsvaret med 10%, politietaten og påtalemakta med 6% og dei statstilsette i NAV med 5%.

Nokre nøkkeltal syner at fordelinga av årsverk har vore relativt stabil i perioden 2006-2011. Kvinner stod for 55% av årsverka i statsforvaltninga i 2011. Det er spesialisthelsetenesta med ein kvinnedel på 74% som bidreg sterkast til at kvinnedelen i staten samla er på over 50%. Kvinnedelen er lågast i forsvaret og i kystverket, med 14 og 15%. Delen med meir enn fire års universitets- eller høgskuleutdanning er høgast innanfor kyrkja (78%), og svært høge delar med meir enn fire års universitets- eller høgskuleutdanning finn vi innanfor relativt mange statlege fagområde (døme: miljøvernforvaltninga med 61%). Dei som har lågast del tilsette med høgare utdanning er kriminalomsorga (4%), statleg barnevern (6%) og toll- og avgiftsetaten (7%). Tilsette med berre grunnskuleutdanning står for berre 7% av årsverka i statsforvaltninga (Nerland m.fl. 2013).

Oslo var med om lag 25% det fylket som hadde flest av dei statlege årsverka. Deretter følgjer Hordaland med 10% og Sør-Trøndelag med 8%:

Arbeidsstadfylke	2009	2011	Folketal (første kvartal 2011)		Statstilsette vs. folketal (2011)	
			Tal	Prosent	Statstilsette	Folketal
- <i>Tal i alt</i>	223 368	231 118				
- <i>Prosentfordeling</i>	100	100	4 920 305	100	100	100
Østfold	3,7	3,8	274 827	5,6	3,8	5,6
Akershus	8,4	7,8	545 653	11,1	7,8	11,1
Oslo	24,3	24,6	599 230	12,2	24,6	12,2
Hedmark	3,7	3,8	191 622	3,9	3,8	3,9
Oppland	2,8	2,9	186 087	3,8	2,9	3,8
Buskerud	3,7	3,5	261 110	5,3	3,5	5,3
Vestfold	3,4	3,4	233 705	4,8	3,4	4,8
Telemark	2,4	2,4	169 185	3,4	2,4	3,4
Aust-Agder	1,5	1,5	110 048	2,2	1,5	2,2
Vest-Agder	2,6	2,7	172 408	3,5	2,7	3,5
Rogaland	5,8	5,8	436 087	8,9	5,8	8,9
Hordaland	9,9	9,9	484 240	9,8	9,9	9,8
Sogn og Fjordane	1,7	1,7	107 742	2,2	1,7	2,2
Møre og Romsdal	3,4	3,4	253 904	5,2	3,4	5,2


# Vestlandsrådet

Sør-Trøndelag	8,0	8,0	294 066	6,0	8,0	6,0
Nord-Trøndelag	2,0	2,0	132 140	2,7	2,0	2,7
Nordland	5,2	5,3	237 280	4,8	5,3	4,8
Troms	5,3	5,4	157 554	3,2	5,4	3,2
Finmark	1,8	1,8	73 417	1,5	1,8	1,5
Ikkje fastlands-Noreg	0,4	0,4	-	-	0,4	-

Tabell 1<sup>i</sup>: Avtalte årsverk ekskl. lange fråvere i statsforvaltninga totalt, etter arbeidsstadsfylke 2009–2011 (Sjå SSB 2013, kap. 2.2 for definisjonar av sysselsetjingsomgrepet).

Tabellen ovanfor inviterer til ei vurdering over kva fylke som har få/mange statlege arbeidsplassar i høve til folketalet. For Vestlandet sin del kan vi ut frå tabellen hevde at i Hordaland balanserer statlege arbeidsplassar og folketalet relativt godt, medan dei andre fylka våre har relativt sett færre statlege arbeidsplassar i høve til innbyggartalet.

Dersom vi måler sysselsette i statsforvaltninga i prosent av sysselsette i alt i det enkelte fylke, har Troms høgast del statstilsette med 18%, følgd av Oslo med 15%. Rogaland og Møre og Romsdal har då den lågaste delen statstilsette med om lag 7%, så vidt passert av Sogn og Fjordane:



<sup>i</sup> **Merk:** I 2009 er talet for Akershus om lag 1300 årsverk for høgt, og talet for Oslo tilsvarende for lågt. Det skuldast at ein arbeidsgjevar rapporterte tilsette på ei bedrift i Asker som skulle vore rapportert på ei bedrift i Oslo.

Tabell 2: Sysselsette i statsforvaltninga i % av alle sysselsette i det enkelte arbeidsstadsfylke 2011 (Sjå SSB 2013, kap. 3.5).

## 5. Endringar frå 2006 til 2010: Auka sentraliseringstendens

Direktoratet for forvaltning og IKT (Difi) gjennomførte i 2012 ei kartlegging av statlege arbeidsplassar i Noreg, *Lokalisering av statlige arbeidsplasser*. Kartlegginga syner at av 100 nye arbeidsplassar i statsforvaltninga og i helseføretaka frå 2006 til 2010, kom 65 i storbyregionane, 22 i mellomstore by-regionar, seks i småbyregionar, seks i tettstadsregionar og éin i spreiddbygde strok (sjå vedlegg her). Dette inneber ei sentralisering på landsbasis. Samla var auken i talet på statlege arbeidsplassar i perioden 2006-10 på om lag 11,8%. Sentraliseringa skuldast m.a. veksten i universitets- og høgskulesektoren, vert det hevda i rapporten (2012:25). Universiteta og høgskulane som auka mest ligg i storbyregionar eller i mellomstore by-regionar. Ei anna årsak er truleg at fleire store etatar, m.a. politiet og skatteetaten, har gjennomført omorganiseringar som har medført færre, større og meir sentralt plasserte einingar i perioden. Helseføretaka motverkar sentraliseringstendensen noko, då den prosentvise veksten her er størst i tettstadsregionar og spreiddbygde strok.

## 6. Statlege ansvarsområde og funksjonar – og nasjonalt heilskapsperspektiv

Vestlandsrådet sin eksistens inneber i seg sjølv eit auka regionalpolitisk handlingsrom for dei fire fylkeskommunane. Gjennom nye satsingsområde og nye samhandlingsarenaer kan Vestlandsrådet auke sitt regionalpolitiske handlingsrom ytterlegare. Fylkesrådmannen ønskjer at Vestlandsrådet no startar ei drøfting omkring korleis dei fire fylkeskommunane kan nytte sitt handlingsrom til å arbeide aktivt og målretta for etablering av nye statlege verksemder og funksjonar på Vestlandet.

Tabell 1 syner at om lag ein tredel (32,4%) av alle arbeidsplassar i staten og i statseigde verksemder i dag er plasserte i Oslo og Akershus (dei to fylka har til saman 23,3% av innbyggjarane i landet). Fylkesrådmannen meiner dei fire Vestlandsfylka har på plass alle føresetnader for å etablere nye statlege institusjonar og verksemder. Vi har mellom anna utdanningsinstitusjonar som har gjer utdanning innan eit breidt kompetanseområde som er relevant for Vestlandet, attraktive bu- og arbeidsområde og ein infrastruktur som etter kvart vil legge til rette for større «sambruk» av kompetanseressursen som innbyggjarane utgjer.

I tillegg kan det haldast fram som eit sjølvstendig argument at hovudstadsområdet per i dag ikkje nødvendigvis er tent med den raske sentraliseringa og veksten i talet på arbeidsplassar. Den raske veksten skaper m.a. utfordringar når det gjeld utbygging av infrastruktur, skular, barnehagar, omsorgstilbod og kulturtiltak. Køane langs vegane og på bussar og tog veks. Ein nasjonal strategi for å etablere fleire av dei nye statlege arbeidsplassane utanfor hovudstadsregionen vil kunne redusere pressutfordringane rundt Oslo, både med tanke på bustadprisar, samferdsle, infrastruktur og forureining. Andre landsdelar vil samstundes kunne få eit breiare tilbod i høve arbeidsplassar for høgt utdanna personar. Fylkesrådmannen meiner altså det er grunn til å peike på samhengane mellom ein god lokaliseringspolitik for landet sett under eitt og ein god lokaliseringspolitik for fylka utanfor hovudstadsregionen.

Statlege verksemder har arbeidsplassar lokaliserte over heile landet, men desse er i dag altså ikkje jamt fordelte geografisk. Regjeringa understrekar i St.meld. 13 (2012-13) *Ta heile Noreg i bruk* (kapittel 9) at det er ei målsetting å få til ei betre fordeling av statlege verksemder og arbeidsplassar. Hovudmåla for distrikts- og regionalpolitikken er at innbyggjarane skal ha reell fridom til å busette seg der dei vil, og vi skal oppretthalde hovudtrekka i busettingsmønsteret, sikre likeverdige levekår og ta ressursane i heile landet i bruk. Det er difor ei målsetting å medverke til ein meir balansert regional vekst i tal arbeidsplassar, noko som samstundes vil kunne ha ein positiv effekt på arbeidsmarknaden og økonomisk

# Vestlandsrådet

aktivitet der verksemdene blir plasserte. Mange av dei statlege arbeidsplassane er «kompetansetunge», noko som igjen kan gje grunnlag for anna kompetanseintensiv verksemd. Lokaliseringa av statlege verksemdar er i seg sjølv avgjerande for tilgangen på viktige tenester for innbyggjarar og samfunnsliv. Ei god fordeling av veksten i kompetansetunge verksemdar er særleg viktig for ei balansert regional utvikling framover, slær regjeringa fast gjennom stortingsmeldinga.

Lokalisering av statlege arbeidsplasser har vore – og vert – sett som eit verkemiddel for å etablere meir robuste arbeidsmarknader spreidde ut over landet, jf. m.a. St.meld. nr. 21 (2005-2006):

*Gode lokale og regionale offentlege tenestetilbod er ein vesentleg føresetnad for å halde oppe eit desentralisert busetjingsmønster. Statlege verksemdar er også viktige som grunnlag for tilbod om arbeidsplassar i den lokale arbeidsmarknaden.*

Fylkesrådmannen har registrert at lokaliseringa av statlege verksemdar ofte er grunngeven i historiske omstende og med kva den einskilde sektoren har hatt behov for. Merk særleg at det ikkje er dei store sektorvise organisatoriske endringane dei seinare åra som har påverka lokaliseringsmønsteret i stort, men snarare dei mindre, stegvise endringane innanfor ulike etatar. Den store veksten i statlege arbeidsplassar kjem nemleg i form av stadige utvidingar i eksisterande verksemdar (sjå Kommunal- og regionaldepartementet 2013, kap. 9). Fylkesrådmannen meiner difor det er viktig at ein framover aukar merksemda omkring korleis ein gjennomfører dei stegvise utvidingane i eksisterande verksemdar, og at staduavhengige oppgåver og arbeidsplassar i både eksisterande og nye statlege verksemdar i langt større grad vert vurderte lagt utanfor den sentrale hovudstadsregionen. Fylkesrådmannen meiner vi slik vil medverke til at nye statlege institusjonar og verksemdar får eit nasjonalt heilskapsperspektiv på si sakshandsaming og tenesteyting.

## 7. Planar for utviding og nyetablering av statlege institusjonar og føretak – kartleggingsarbeid

Fylkesrådmannen ønskjer at vi hausten 2013 kan kartlegge kva for planar som ligg føre når det gjeld både statlege nyetableringar og det vi her kallar stegvise utvidingar eller endringar i eksisterande statlege verksemdar. Innanfor ramma av ein statleg lokaliseringsspolitikk er det siste tiåret gitt prioritet til å desentralisere og flytte ut oppgåver frå sentralt plasserte statlege verksemdar, særleg i samband med omorganiseringar. Ei kjelde for å gjere nemnde kartlegging vil m.a. kunne vere å kontakte alle departementa og særleg Kommunal og regional-departementet samt Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet for å etterspørje departementa sine eigne oversikter over planlagde organisasjonsendringar.

## 8. Fylkesrådmannen si tilråding

Med bakgrunn i saksframstillinga ovanfor tilrår fylkesrådmannen at Vestlandsrådet gjennomfører ei drøfting på temaområdet «lokalisering av statlege arbeidsplassar» under Vestlandsrådet sitt møte 16. september 2013. Drøftinga bør mellom anna leggje vekt på og sjå på følgjande problemstillingar:

1. Vestlandsrådet arbeider for ei jamnare regional fordeling av statlege arbeidsplassar, og som eit ledd i dette held rådet seg oppdatert på statlege planar for utvidingar og nyetableringar.
2. Vestlandsrådet nyttar politiske og administrative nettverk og arenaer for å påverke vidareutviklinga av den statlege tenesteproduksjonen, slik at vi sikrar innbyggjarar i alle deler av landet god tilgang til statlege tenester.
3. Vestlandsrådet arbeider for å etablere statlege institusjonar og funksjonar innanfor sektorar som har særleg stor verdi for utviklinga på Vestlandet.

# Vestlandsrådet

## Vedlegg 1

### Kategoriar og inndelingar nytta i DIFI-rapporten:

Direktoratet for forvaltning og IKT brukar statistikk der dataa etter arbeidsstadkommune vert aggregert til landsdelar og regiontypar med ulik grad av sentralitet. Dei nyttar følgjande landsdelinndeling:

1. Oslo kommune
2. Akershus/Østfold
3. Vest-Viken (Buskerud, Vestfold og Telemark)
4. Innlandet (Hedmark og Oppland)
5. Sørlandet (Aust-Agder og Vest-Agder)
6. Vestlandet (Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane, Møre og Romsdal)
7. Trøndelag (Sør-Trøndelag og Nord-Trøndelag)
8. Nord-Norge (Nordland, Troms og Finnmark).

Vidare nyttar dei følgjande regiontypeinndelingar (bu- og arbeidsmarknadsregionar /BA-sentralitet):

- Storbyregionar (regionar med senter med fleire enn 50 000 innbyggjarar)
- Mellomstore by-regionar (regionar med senter mellom 15 000 og 50 000 innbyggjarar)
- Småbyregionar (regionar med senter mellom 5 000 og 15 000 innbyggjarar)
- Tettstadregionar (regionar med senter mellom 1 000 og 5 000 innbyggjarar)
- Spreiddbygde strok (regionar med senter under 1000 innbyggjarar)

Ei oversikt over kva kommunar som høyrer under kva for landsdelar og regiontypar er lagt inn som eit eige vedlegg til DIFI-rapporten (sjå referanselista).

### Litteratur og referansar

Direktoratet for forvaltning og IKT, Difi (2012): Lokalisering av statlige arbeidsplasser – en kartlegging.  
<http://www.difi.no/filearchive/difi-rapport-2012-6-lokalisering-av-statlige-virksomheter.pdf>

Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet (2013): *Digital agenda for Norge. IKT for vekst og verdiskaping*. Meld. St. 23 (2012–13): Tilråding frå FAD 22.03.2013, godkjend i statsråd same dag (Regjeringa Stoltenberg II).

<http://www.regjeringen.no/nb/dep/fad/dok/regpubl/stmeld/2012-2013/meld-st-23-20122013.html?id=718084>

Kommunal- og regionaldepartementet (2013): *Ta heile Noreg i bruk*. Meld. St. 13 (2012–13): Tilråding frå KR D 01.03.2013, godkjend i statsråd same dag (Regjeringa Stoltenberg II).

<http://www.regjeringen.no/nn/dep/krd/Dokument/proposisjonar-og-meldingar/stortingsmeldingar/2012-2013/meld-st-13-20122013.html?id=715615>

# Vestlandsrådet

Kommunal- og regionaldepartementet (2006): Hjarte for heile landet. Om distrikts- og regionalpolitikken. Meld. St. 21 (2005-06): Tilråding frå KRD 16.06.2006, godkjend i statsråd same dag (Regj. Stoltenberg II).

<http://www.regjeringen.no/Rpub/STM/20052006/021/PDFS/STM200520060021000DDDPDF5.pdf>

Nerland, Sølve Mikal, Håvard Thoen og Pål Nordby (2013): *Syssetting i statsforvaltningen*. Statistisk sentralbyrå, rapport 20/2013.

[http://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/\\_attachment/111211?\\_ts=13f5c386070](http://www.ssb.no/arbeid-og-lonn/artikler-og-publikasjoner/_attachment/111211?_ts=13f5c386070)

## **Forslag til vedtak:**

Med bakgrunn i saksframstillinga ovanfor tilrår fylkesrådmannen at Vestlandsrådet gjennomfører ei drøfting på temaområdet «lokalisering av statlege arbeidsplassar» under Vestlandsrådet sitt møte 16. september 2013. Drøftinga bør mellom anna leggje vekt på og sjå på følgjande problemstillingar:

1. Vestlandsrådet arbeider for ei jamnare regional fordeling av statlege arbeidsplassar, og som eit ledd i dette held rådet seg oppdatert på statlege planar for utvidingar og nyetableringar.
2. Vestlandsrådet nyttar politiske og administrative nettverk og arenaer for å påverke vidareutviklinga av den statlege tenesteproduksjonen, slik at vi sikrar innbyggjarar i alle deler av landet god tilgang til statlege tenester.
3. Vestlandsrådet arbeider for å etablere statlege institusjonar og funksjonar innanfor sektorar som har særleg stor verdi for utviklinga på Vestlandet.

Tore Eriksen  
Fylkesrådmann

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*